

Norsklærarar: Ulike haldningar etter utdanningsnivå og erfaring

Kva haldningar norsklærarar har til faget sitt, varierer etter kor høg utdanning og kor lang arbeidserfaring dei har. Men nesten alle trivst med faget og elevane. Det går fram av ei spørjeundersøking som Språkrådet la fram 10. februar 2011. Synovate har gjennomført undersøkinga for Språkrådet.

Viktige funn i haldningsundersøkinga

Tal

Alle ungdomsskolar og vidaregåande skolar i landet blei inviterte til å delta, totalt

- 1210 ungdomsskolar og 435 vidaregåande skolar.
- Det kom svar frå 245 av 1210 ungdomsskolar / 463 lærarar.
- Det kom svar frå 280 av 435 vidaregåande skolar / 1131 lærarar.
- Svara er vekta for skoleslag og storleik.
- 82 % av svara kjem frå lærarar som har bokmål som si private målform / 18 % har nynorsk.
- 82 % av svara kjem frå heiltidstilsette, og dei fleste arbeider på skolar med mellom 6 og 15 norsklærarar.
- Norsklærarar i vidaregåande skole, studieførbuande program, utgjer 60 % av utvalet.

Trivsel og arbeidsmengd

Norsklærarane som har svart, trivst med faget sitt, og dei trivst med elevane. Eit fleirtal meiner at dagens læreplanar er gode (65 %). Undersøkinga stadfestar at 9 av 10 norsklærarar opplever at arbeidsmengda er for stor. Berre ein av ti vurderer arbeidsmengda som passeleg. Vi har spurta om dei greier å gjennomføre det planlagde arbeidet innanfor arbeidstida, og fleirtalet (61 %) svarer at dei ikkje rekk å gjere alt. Tek vi med dei som har sagt at dei av og til rekk alt, ser vi at heile 8 av 10 ikkje rekk det dei har planlagt i arbeidstida.

Ser ein nærmare på svara om arbeidsmengd ut frå skoleslag og kor lang utdanning og erfaring den einskilde lærar har, blir biletet meir nyansert: Dei yngste med kortast utdanning, kortast erfaring og som arbeider i ungdomsskolen, opplever at arbeidsmengda er overkommeleg. Når dei blir spurde om talet på timar til norskfaget, er det interessant at 60 % meiner at det er tilstrekkeleg. Ser vi nærmare på dei som vil ha fleire timar, arbeider dei fleste i vidaregåande skole, og mange av dei har lang erfaring som lærar.

Opplevde endringar i faget

Kort fartstid som lærar (under 5 år) betyr at ein opplever at faget har endra seg lite frå ein starta. Undersøkinga viser at lang fartstid (over 20 år) tilseier at ein har opplevd store endringar i faget. Desse funna stemmer med svara på spørsmålet om kva innverknad endringane i læreplanane har hatt på undervisninga: liten for dei

med kort fartstid og stor for dei med lang. Arbeidserfaringa gir også utslag på korleis lærarane vurderer elevane når det gjeld krav om lesing og skriving i begge målformer. Det er ein tydeleg tendens til at dei som har arbeidd lengst i skolen, er mest positive til at ungdomsskoleelevar bør kunne lese og skrive begge målformene, og at målformene bør jamstillast.

Haldning til målformene og kompetanse

Totalt 8 av 10 meiner at sidemålsundervisninga er viktig på dei årstrinna dei underviser. Nesten halvparten (48 %) meiner at nynorsk og bokmål ikkje skal jamstillast, medan 38 % er einige i jamstillinga. Eit knapt fleirtal (51 %) meiner ein skal undervise i begge målformene både på ungdomsskolen og på vidaregåande, medan 41 % svarer at ein ikkje bør det (8 % veit ikkje). Når vi så spør dei som svarte nei, om når ein bør begynne med sidemålsundervisninga, sprikjer svara meir, men samlar seg kring 8.–9. klasse (56 % til saman).

Norsklærarar med nynorsk som si private målform stadfestar oppfatningane om at dei er mest positive til jamstilling mellom målformene, og at elevar frå og med ungdomsskolen bør kunne lese og skrive begge målformene. Denne gruppa svarer også at dei har god kompetanse i bokmål.

Ser vi nærmare på svara frå gruppa som oppgir at dei har bokmål som si private målform, blir biletet meir nyansert, og gruppa må delast etter grad av kompetanse i sidemålet. Gruppa som opplever å ha høg kompetanse i nynorsk som sidemål, meiner at sidemålsundervisninga er viktig, at alle bør kunne lese og skrive nynorsk, og at ein skal undervise i nynorsk på alle årstrinna.

Heile 73 % av lærarane som opplever at dei har låg kompetanse i nynorsk som sidemål, meiner at det er tilstrekkeleg at ungdomsskoleelevar kan lese nynorsk (mot 46 % av totalen). Eit stort fleirtal (76 %) i denne gruppa er ueinige i læreplanens jamstilling mellom nynorsk og bokmål (mot 49 % av totalen). Motstanden mot sidemålet hos denne gruppa kjem òg til uttrykk ved at heile 71 % meiner denne delen av undervisninga er lite viktig, og dei vil heller ikkje at det skal undervisast i begge målformer på alle årstrinna (gjeld både ungdomsskolen og vidaregåande).

Ser vi på det alle svara på kva kompetanse lærarane meiner dei har i bokmål og nynorsk, får vi eit litt anna bilet: Nesten alle meiner dei har god kompetanse i bokmål (99 %), og svært mange at dei har ganske god kompetanse i nynorsk (80 %). Nokre få meiner dei ikkje har kompetanse i nynorsk (2 %), medan om lag ein femtedel (19 %) berre har litt.

Utdanning

Av dei som har svart på undersøkinga, har eit fleirtal av lærarane i vidaregåande skole universitetsutdanning på master-/hovudfagsnivå (62 %), medan norsklærarane i ungdomsskolen har allmennlærarutdanning og litt ekstra utdanning i norsk. Det er blant lærarane i ungdomsskolen vi finn dei med kortast utdanning i norskfaget.

Eit stort fleirtal av lærarane meiner at norskfaget er viktig eller svært viktig generelt og i høve til andre fag. Dei meiner at faget er svært viktig for norsk identitet, og at eksamen gjenspeglar læreplanen. Eit fleirtal meiner sidemålsundervisninga er viktig, medan over halvparten meiner at nabospråksundervisninga er mindre viktig.

Undersøkinga viser ein klar samanheng mellom høg utdanning og korleis ein vurderer

dei ulike emna i norskfaget. Kunnskap om språk- og litteraturhistorie og forståing/tolking av tekst blir sett på som viktigare jo høgare utdanning lærarane har.

Kva emne er viktige?

Undersøkinga viser at det er brei semje om at munnlege og formelle skriftlege ferdigheitar er svært viktige, medan kunnskapar om samansette tekstar og kunnskapar om språk- og litteraturhistorie er ei aning mindre viktige. Det er påfallande at det er færre av lærarane i vidaregåande skole, studieførebuande program, som meiner at formelle skriftlege ferdigheitar er svært viktige. Lærarar med minst erfaring vurderer forståing og tolking av tekstar som mindre viktig enn fleirtalet i undersøkinga.

Kompetanse

Her er lærarane spurde om eigen kompetanse innanfor dei hovudemna som læreplanen set opp: skriftlege tekstar, språk og kultur, munnlege tekstar og samansette tekstar. Det er få som opplever at dei ikkje har kompetanse i emna i det heile, men graden av kompetanse varierer. Det er ei stor gruppe lærarar som oppgir at dei berre i noko grad har kompetanse i samansette tekstar. Norsklærarane på ungdomsskolenivå og dei med kort fartstid som lærarar (under 5 år) skil seg ut ved at få av desse meiner dei har svært god kompetanse i hovudemna i læreplanen. Og som nemnt før, er det i denne gruppa vi finn dei med kortast utdanning i norskfaget.

Vurdering av læreplanane og undervisninga generelt

Dei fleste meiner at dagens læreplanar er gode (65 % av totalen), nesten alle dei spurde liker å undervise i norskfaget (96 %), og dei trivst godt saman med elevane (99 %).

Undervisning i nabospråka

Mange har ei kjensle av at nabospråksundervisninga i liten grad blir teken på alvor sjølv om læreplanane har klare kompetanse mål på dette området. Undersøkinga viser at litt over ein tredel av lærarane (35 %) meiner dei har god kompetanse til å undervise i nabospråka, men fleirtalet oppgir at dei berre i noko grad har tilstrekkeleg kompetanse på dette området. Heile 7 % oppgir at dei ikkje har kompetanse på dette området, eller at dei ikkje veit om dei har det (1 %).

Andre funn

Lærarane i ungdomsskolen har kortare fartstid og lågare utdanning (flest med allmennlærarutdanning) i norsk, men dei er meir positive til læreplanane enn dei som arbeider i vidaregåande skole. Her må vi kommentere at talet på svar frå lærarar i ungdomsskolen er lågt i høve til talet på svar frå lærarar i vidaregåande skole. Vi kjenner heller ikkje det samla talet på norsklærarar i skolen.

Lengre utdanning i norskfaget betyr auka trivsel.

Lærarar i vidaregåande som arbeider på studieførebuande program, meiner at det bør vere færre undervisningstimar i norsk, at norskfaget er for omfattande, og at vurderingsarbeidet tek for lang tid.

Ungdomsskolelærarar opplever at dei nasjonale prøvane verkar motiverande.

Lang utdanning betyr at ein oppfattar undervisninga i begge målformene som ein viktig del av undervisninga, og ser på jamstillinga som rimeleg. Denne gruppa har også oftare faglege diskusjonar og er fornøgde med fagmiljøet på skolen.

Skilnader mellom landsdelar

Lærarane på Vestlandet og i Midt-Noreg er i større grad enn lærarar andre stader i landet positive til at det er jamstilling mellom bokmål og nynorsk, at ein bør undervise i begge målformer på alle alderstrinn, og at alle bør kunne lese og skrive begge deler. Norskfaget blir oppfatta som viktigare for norsk identitet i Møre og Romsdal og Trøndelag enn elles i landet.

I Nord-Noreg oppfatter lærarane at arbeidsmengda i norskfaget er mindre enn det gjennomsnittet tilseier, og dei er i større grad enn lærarane elles i landet einige i at nye undervisningsmetodar er motiverande.

Lærarar i Oslo har større faglege miljø, har oftare faglege diskusjonar, er meir fornøgde med fagmiljøet og har høgare utdanning, inkludert i norsk, enn lærarar i resten av landet. Denne gruppa oppfattar også emne som forståing/tolking av tekstar og kunnskapar om språk- og litteraturhistorie som viktigare enn gjennomsnittet.